

## Saksframlegg til sak 9/14: Folkehelse i Nordhordland – planlegging og organisering

### Forslag til vedtak:

Regionrådet er positiv til vurderingar og tilrådingar som er presentert i *Rapport om interkommunalt samarbeid om Folkehelse*, og sluttar seg til at den vert lagt ved som ein del av vurderingsgrunnlaget til *Regional plan for samarbeid innan helse og omsorgstenesta i Nordhordland*, og at framlegg til tiltak implementert i denne planen.

### Saksutgreiing:

Som oppfølging av sak 24/13, **Folkehelse i Nordhordland – planlegging og organisering** er det engasjert prosjektleiar og sett ned ei interkommunal, tverrfagleg samansett arbeidsgruppe som har utarbeidd *Rapport om interkommunalt samarbeid om Folkehelse*

Arbeidet er forankra og har fått mandat gjennom vedtak i Regionrådet, og må sjåast som eit av innsatsområda i det interkommunale samarbeid innan helse og omsorgstenesta i Nordhordland. (Plan for interkommunalt samarbeid om Helse og omsorgstenester i Nordhordland)

### Overordna mål for arbeidet:

*Utvikla det kunnskapsbaserte folkehelsearbeidet i Nordhordlandsregionen.*

Med bakgrunn i dette vert det lagt fram *Rapport om interkommunalt samarbeid om Folkehelse* der det mellom anna er gjort vurderingar som viser at det kan vera tenleg for kommunane å samarbeida for å styrka kommunane sitt arbeid med folkehelse.

### Gruppa si vurdering av framtidige samarbeidstiltak:

- Etablere tverrfagleg, sektorovergripande samarbeidsfora for regionalt folkehelsearbeid.
- Ta i bruk kvalitetssystem som sikrar forskingsbasert utvikling. (La Linea - modell)
- Vurdera implementering og bruk av kunnskapsbaserte program i arbeid med barn og unge.
- Inngå partnerskap med Hordaland Fylkeskommune for tilsetting av regional koordinator for folkehelsearbeid.
- Koordinera arbeid i eksisterande nettverk som er relevant for folkehelsearbeidet.
- Felles kompetanseutvikling.
- Ha oversikt over folkehelsestatus og utforske utfordringstrendar.

Rapporten er å sjå som vedlegg til *Regional plan for samarbeid innan helse og omsorgstenesta i Nordhordland*. Tilrådingar som er presentert i rapporten er implementert i denne planen.

Rapporten med tilrådingar er lagt fram som ei orienteringssak for Helseutvalet. Uvalet har tatt orienteringa til vitande og bedt om at eventuelle innspel til rapporten vert meldt til Regionrådet i samband med deira handsaming av saka.